

Oslo/Bergen/Trondheim, 16. april 2012

Frå
Studentmållaget i Oslo
Studentmållaget i Bergen
Studentmållaget i Nidaros

Til
Kunnskapsdepartementet
Kulturdepartementet

Høyringsvar om litteratur- og språkpolitiske verkemiddel

Studentmållaget i Oslo, Studentmållaget i Bergen og Studentmållaget i Nidaros er dei tre største studentmållaga i Noreg. Studentmållaga er knytte til Norsk Målungdom, ungdomsorganisasjonen til Noregs Mållag. I tillegg til våre eigne medlemmer vågar me å seia at me uttalar oss på vegner av interessene til nynorskskrivande studentar ved alle universitet og høgskular i Noreg.

I denne høyringsfråsegna tilrår me at det blir innført **ei boklov som sikrar fastpris på alle typar bøker**, slik utgreiinga *Til bokas pris. Utredning av litteraturpolitiske virkemidler i Europa* går inn for.¹

Språk røktar ikkje seg sjølve. Både fag- og skjønnlitterær produksjon er ein heilt grunnleggjande del av språkrøkta. Me vil argumentera for at ei boklov er det beste verkemiddelet for å sikra brei produksjon av norskspråkleg litteratur. Det gjeld særleg litteratur på nynorsk, som er under press frå både bokmål og engelsk.

Fyrst vil me visa at nynorskstudentar er i ein språkleg utsett posisjon. Dinest vil me visa korleis dette heng saman med ein mangel på språklege førebilete. Dette gjeld tilgang til fag- og pensumlitteratur og til allmennlitteratur på nynorsk. Me vil òg visa korleis desse faktorane knyter seg til spørsmålet om boklov og fastpris.

Særlege utfordringar for studentar som nyttar nynorsk

St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og meining. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk* (heretter kalla *Mål og meining*)² tek føre seg problemet med målbyte frå bokmål til nynorsk og etterlyser meir kunnskap på området. Seinare har pilotprosjektet Målstreken, som Valdres Mållag og Noregs Mållag står bak, undersøkt målbyte frå nynorsk til bokmål ved to vidaregåande skular, Valdres vidaregåande skule og Firda vidaregåande skule. Tilsvarande undersøkingar frå andre område finst ikkje så vidt me veit. Men me har grunn til å tru at det skjer **eit omfattande målbyte frå nynorsk til bokmål ved høgare utdanningsinstitusjonar**. Dette kjem i tillegg til det målbytet som me veit skjer alt i ungdomsskulen og i vidaregåande skule.

I ein rapport frå Målstreken kjem det fram at 2/3 nynorskelevane ved Valdres vidaregåande skule

¹ Rønning, Helge, Tore Slaatta, Olav Torvund, Håkon Larsen og Terje Colbjørnsen. (2012) *Til bokas pris. Utredning av litteraturpolitiske virkemidler i Europa*
http://www.regjeringen.no/upload/KUD/Kulturvern/avdelingen/Rapporter_Utredninger/Utredning_av_litteraturpolitiske_virkemidler_i_Europa_2012-2.pdf

² Kultur- og kyrkjedepartementet. St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og meining. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*
<http://www.regjeringen.no/pages/2090873/PDFS/STM200720080035000DDDPDFS.pdf>

trur dei kjem til å skriva berre bokmål eller både bokmål og nynorsk etter vidaregåande, og av alle elevane ved Firda vidaregåande skule svarar om lag 1/3 det same.³ Det er her viktig å merka seg at elevane på intervjutidspunktet enno ikkje har opplevd bokmåls- og engelskdominansen i pensumlitteraturen i høgare utdanning, og me har difor grunn til å tru at målbytet kan bli meir omfattande enn desse tala gjev uttrykk for.

I si masteroppgåve om nynorsk i bruk i utdanning og akademisk skriving konkluderer òg Marit Wadsten med at utdanningsløpet innanfor høgskule- og universitetssektoren er eit kritisk punkt for nynorsk brukt som hovudmål.⁴ Dette er eit resultat som Språkrådet dreg fram i ein rapport til Kulturdepartementet, *Språkstatus 2011. Språkpolitisk tilstandsrapport fra Språkrådet*.⁵

Dette målbytet er ikkje tilfeldig. Det heng saman med språklege og kulturelle maktstrukturar i det norske samfunnet.

Samanhengen mellom målbyte og tilgangen til nynorsk faglitteratur i høgare utdanning

Utviklinga av eit nynorsk fagspråk på ulike fagfelt er avhengig av at det faktisk blir gjeve ut faglitteratur på nynorsk, og av at denne litteraturen er tilgjengeleg for studentar og fagmiljø.

Det er ein gjensidig påverknad mellom målbyte og faglitteratur på nynorsk. Dynamikken i dette kan anten utgjera ein positiv spiral eller ein negativ spiral. Logikken er som følgjer: Di meir pensum- og tillegglitteratur som ligg føre på nynorsk i høgare utdanning, di enklare er det å halda på nynorsken gjennom eit heilt utdanningsløp. Eller for å seia som *Mål og mening*: «For eit mindre brukt språk kan det aldri bli for mange positive rollemodellar.» (s. 80)

Vidare vil omfattande målbyte blant studentane i sin tur føra til at det blir færre nynorskskrivande i fagmiljøa, noko som vil hindra utvikling og spreining av nynorsk fagspråk og fagterminologi. Færre publikasjonar vil igjen føra til auka målbyte, og me får ein negativ spiral. I motsett tilfelle – med auka tilgang til nynorsk faglitteratur – vil me få ein positiv spiral, med mindre målbyte og meir produksjon og distribusjon av nynorsk fag- og pensumlitteratur. Dette vil føra til meir reell jamstilling mellom nynorsk og bokmål i academia, slik det er fastslått i *Mål og mening* som eit overordna politisk mål:

Det skal leggjast spesielt til rette for at nynorsk blir meir reelt likestilt med bokmål. (s. 24)

Det store leksikalske overføringspotensialet mellom nynorsk og bokmål gjer at fagspråket på dei to målformene kan stø seg på kvarandre og byggja kvarandre opp, og den positive spiralen kan såleis gjera at norsk fagspråk sett under eitt står sterkare rusta mot domenetap til engelsk.

Rapporten *Til bokas pris* konkluderer med at ei friprisordning kan gje utfordringar i møtet med store internasjonale forlag som har ressursar til å pressa prisane ned. Dei skriv:

³ Garthus, Karen Marie Kvåle, Jon Todal og Kamil Øzerk ([2010]). *Rapport om språkskifte i Valdres og Sogn og Fjordane*

http://www.nm.no/filer/rapport_om_spraakskifte_i_valdres_og_sogn_og_fjordane-1.pdf

⁴ Wadsten, Marit (2008). *Viljen til språk – viljen til forskning. Nynorsk i bruk i utdanning og akademisk skriving*. Masteroppgåve, Høgskulen i Volda,

http://brage.bibsys.no/hvo/bitstream/URN:NBN:no-bibsys_brage_8205/4/master_wadsten.pdf

⁵ Språkrådet (2011). *Språkstatus 2011. Språkpolitisk tilstandsrapport fra Språkrådet*

<http://www.sprakradet.no/upload/Spr%C3%A5kstatus%202011.%20Spr%C3%A5kpolitisk%20tilstandsrapport%20fra%20Spr%C3%A5kr%C3%A5det.pdf>

Vi mener at det er helt essensielt i en eventuell norsk boklov at skolebøker og bøker til høyskoler og universiteter blir omfattet av loven. Det er faktisk på dette området at dynamikken er størst, og der internasjonale forlag kan komme til å spille enda større roller enn i dag, gitt et friprissystem der det er muligheter for sterke rabatteringer. (s. 168)

Dette er ei frykt me sluttar oss til. Rapporten nemner ikkje nynorskdelen av den norske fagbokmarknaden særskilt, men me fryktar at nynorskdelen vil bli endå meir marginalisert i ein eventuell priskrig mellom norske og internasjonale forlag.

Me ser likevel i dag at ordninga med fastpris ikkje er tilstrekkeleg for å snu den negative spiralen. På dei fleste fagområde finst det ikkje tilstrekkeleg med lærebøker på nynorsk, og på nokre fagfelt er nynorsk bortimot totalt fråverande. Då Lærebokutvalet for høgare utdanning under Universitets- og høgskulerådet i si tid vart oppretta, var det mellom anna for å stø opp om fag- og pensumlitteratur på nynorsk. Etter det me kjenner til, fungerer diverre ikkje ordninga etter denne intensjonen i dag.

Sjølv om det er nedfelt i kriteria for tildeling at utvalet skal prioritere basisutgåver på nynorsk og samisk, er det vanskeleg å få støtte til slike bøker fordi utvalet krev fråsegner frå minst to andre institusjonar om at boka vil dekkje eit mangelområde på pensumlistene. I dag er det hard konkurranse om pensumlitteraturen på større fag, der det finst godt med fag- og lærebøker, både på engelsk og bokmål, og nynorske bøker på slike fag får dimed ikkje støtte.

Me meiner at mangel på **norskspråkleg** faglitteratur på eit fag bør vera eit kriterium i seg sjølv til å få støtte. Då må òg tildelinga skje i tråd med «prinsippet nynorsk» i *Mål og mening*, eit prinsipp som eit fleirtal på Stortinget har slutta seg til som offisiell norsk språkpolitikk:

Nynorsk høyrer i utgangspunktet alltid med der norsk språk blir tematisert eller brukt. I dei tilfella der nynorsk likevel ikkje er ein relevant faktor, må dette legitimerast aktivt og behova til nynorskbrukarane bli dekte. (s. 82)

I dette ligg det at mangel på nynorsk faglitteratur må reknast som eit mangelområde i seg sjølv utan omsyn til tilgangen til faglitteratur på bokmål. Det legitimerer at fleire nynorsktitlar på fagområde som no er godt dekte av lærebøker på engelsk og bokmål, får tildelt støtte.

Etter kvalitetsreforma og den etterfølgjande fragmenteringa av mange studiefag til mange mindre emne, har det rett nok kome til ei mengd nye kurs, men desse er gjerne unike for éin eller svært få institusjonar. Altså er det også her uråd å oppfylla kravet frå Lærebokutvalet om minst to fråsegner frå andre institusjonar. På desse mindre kursa nyttar ein då oftast engelskspråkleg pensum når det ikkje finst alternativ på norsk. Dette bryt med føremålet i *Mål og mening*, som legg opp til å «etablera språkpolitikk som eit sektorovergripande politikkområde» (s. 13), ettersom politikken for kva fagområde som vil få utvikla fagspråk på norsk ikkje lenger er sektorovergripande, men avhengig av søkjarstraumar og prioriteringar hjå leiinga for dei ulike utdanningsinstitusjonane. Dette styrkjer ikkje norsk som eit fullverdig og samfunnsberande språk, og heller ikkje som fag- og bruksspråk innanfor dei ulike fagmiljøa.

Me vil òg nytta høvet til å minna om prinsippet som er fastslått i § 1-7 i universitets- og høgskulelova:⁶

Universiteter og høyskoler har ansvar for vedlikehold og videreutvikling av norsk fagspråk.

⁶ lov 1. april 2005 nr. 15 om universiteter og høyskoler (universitets- og høyskoleloven)
<http://www.lovdatabasen.no/all/hl-20050401-015.html>

Dette prinsippet stør me heilhjarta opp om, og me reknar det som sjølvsagt at det gjeld nynorsk fagspråk like mykje som bokmål.

Ei fastprisordning vil sikra alle tilgang til litteratur på nynorsk

Fastprissystemet slik det fungerer i dag, tryggjar at nynorskbøker er tilgjengelege i bokhandlar til same pris over heile landet. Dette gjer at alle i prinsippet har tilgang til litteratur på nynorsk. At nynorske bøker jamt over blir lesne, sikrar den språklege tryggleiken og kompetansen til nynorskbrukarar. I tillegg styrkjer det kompetansen i og forståinga for nynorsk hjå bokmålsbrukarar. Dette sikrar at interaksjon og samarbeid mellom bokmålsbrukarar og nynorskbrukarar, til dømes i academia, kan gå føre seg på språket og premissane til alle partar. Resultatet av ei slik nasjonal tospråklegheit, er mindre målbyte og auka reell jamstilling mellom nynorsk og bokmål.

Med ei eventuell friprisordning, fryktar me for at det er nynorskbøkene som vil li under det. Ei friprisordning kan føra til at færre bokhandlar har eit breitt sortiment, og at både forlag og bokhandlar konsentrerer seg om å marknadsføra bestseljarar og pressa ned prisane på dei. Nynorskbøker, uansett sjanger, blir sjeldan bestseljarar, og ei friprisordning kan gjera det meir risikabelt for forlag å gje ut nynorsklitteratur og for bokhandlar å ta desse bøkene inn.

På ein bokmarknad med heilt fri konkurranse vil litteratur på små språk stilla med ei ulempe. Nynorsk vil måtta vika for bokmål og engelsk, og bokmål vil måtta vika for engelsk i konkurransen.

Alternativ

Slik me ser det, finst tre alternativ, men berre eitt er godt:

- 1) friprisordning, som i Danmark og Sverige
- 2) bokbransjeavtalar, som i dag
- 3) boklov som sikrar fastpris på alle typar bøker

Alternativ 1, fripris, er for oss uaktuelt, gitt dei negative konsekvensane me har skissert tidlegare. Eit framhald av alternativ 2, bokbransjeavtalar, vil i prinsippet kunne oppretthalda eit fastprissystem slik me ynskjer, men me fryktar for det eine at bransjeavtalane på sikt vil bli meir og meir uthola og tendera mot fripris, og for det andre at det på sikt vil bli avvist av EU gjennom EØS-avtalen, slik me har sett i andre europeiske land. Dette vil ikkje skje med alternativ 3, ei boklov, som har blitt godteke i dei EU-landa som til no har valt dette alternativet.

Konklusjon

Studentmållaget i Oslo, Studentmållaget i Bergen og Studentmållaget i Nidaros tilrår difor at det blir innført ei boklov som sikrar fastpris på alle typar bøker. Me understrekar endå ein gong at for nynorsk litteratur generelt, og for **nynorsk fag- og pensumlitteratur spesielt**, er desse verkemidla heilt grunnleggjande viktige.

Venleg helsing

Bror-Magnus Sviland Strand
leiar
Studentmållaget i Oslo

Ida Haugum
leiar
Studentmållaget i Bergen

Kirsti Lunde
leiar
Studentmållaget i Nidaros